
Saksnr: 2020/74232-2
Saksbehandlar: Eva Moberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.11.2020

Høyring om endra vedtekter for Musea i Sogn og Fjordane

Forslag til vedtak

Hovudutvalet tek vedtektsendringa i § 3 «Grunnkapital» i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sine vedtekter til vitande.

Samandrag

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har vore gjennom fusjonsprosessar som no gjer at fleire av dei opphavslege stiftarane ikkje eksisterer lenger. Den siste fusjonsprosessen der stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane slo seg saman med stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har resultert i ei endring i vedtektene, § 3 «Grunnkapital». Styret i Musea i Sogn og Fjordane vedtok endringa i styremøte 24. august 2020. Dei ber no om at dei attverande stiftarane kjem med høyringsuttale på vedtektsendringa før dei nye vedtektene skal sendast til endeleg godkjenning hos Stiftelsestilsynet.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart fusjonert med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane i 2017. Eigarstyret til Nordfjord Folkemuseum vart lagt ned i 2018, og samlingar og bygg vart overdrege til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. I tillegg har Sogn og Fjordane fylkeskommune overdrege sine rettar og plikter som medstiftar til Vestland fylkeskommune.

Årsmøtet i Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane gjorde 19.juni 2020 vedtak om å slå seg saman med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Som følgje av dette har Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane gjort endring i § 3 «Grunnkapital» i vedtektene sine. Styret i Musea i Sogn og Fjordane vedtok endringa i styremøte 24.august 2020.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane inviterer dei attverande stiftarane av Musea i Sogn og Fjordane til å kome med høyringsuttale på vedtektsendringa før dei nye vedtektene skal sendast til endeleg godkjenning hos Stiftelsestilsynet. Dei attverande stiftarane er Vestland fylkeskommune, Sogn Folkemuseum og Sunnfjord Museum.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Vurderingar og verknader

Som ein konsekvens av samanslåinga mellom Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane må grunnkapitalen endrast. Dette skjer ved at grunnkapitalen til Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane blir slått saman. Musea i Sogn og Fjordane har grunnkapital på kr. 210.000 og Kystmuseet har grunnkapital på kr. 4.246.483. Grunnkapitalen blir 4.456.483 når desse to slåast saman.

Fylkesdirektøren oppfattar at vedtektsendringa i § 3, «Grunnkapital» er ein naturleg konsekvens av samanslåinga av Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, og at endringa er ei oppdatering av grunnkapitalen som følgje av dette. Fylkesdirektøren meiner dette er ei nødvendig vedtaksendring som Vestland fylkeskommune kan ta til vitande.

Økonomi: Ikkje relevant for fylkeskommunen, men relevant for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, der Vestland fylkeskommune er medstiftar.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesdirektøren oppfattar endringa i vedtektene § Grunnkapital, som ein naturleg konsekvens av samanslåinga av Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og rår hovudutvalet til å ta vedtektsendringa til vitande.